

# PERSONVERNERKLÆRING

## Behandling av personopplysningar i Vang kyrkjelege fellestråd.

Når du bruker nettsida vår og er i kontakt med oss vil kyrkjeverja behandle personopplysningar om deg. Nedanfor finn du difor informasjon om personopplysningar som vert samla inn, kvifor vi gjer dette og dine rettar knytt til behandlinga av personopplysningane.

Behandlingsansvarleg for personopplysningane vi behandlar er Kyrkjeleg fellestråd ved kyrkjeverje Guro Hovda.

Kontaktinformasjonen til Guro Hovda er:

Adresse: Kyrkjekontoret, Tynvegen 5161, 2975 VANG I VALDRES

E-post: [post.vangivaldres@kirken.no](mailto:post.vangivaldres@kirken.no)

Telefon: 61 36 95 90

Organisasjonsnummer: 976 989 643

For spørsmål du måtte ha om vår behandling av dine personopplysningar kan du kontakte kyrkjeverje Guro Hovda.

### **Kvifor samlar vi inn personopplysningar og kva slags informasjon samlar vi inn?**

Vi samlar inn og bruker dine personopplysningar til ulike formål avhengig av kven du er og korleis vi kjem i kontakt med deg. Vi samlar inn følgjande personopplysningar til formål angitt her:

1. For å kunne hjelpe deg med det du lurar på tek vi vare på namn, telefonnummer, e-postadresse og eventuelle aktuelle personopplysningar så lenge vi treng for å hjelpe deg i den aktuelle saka.

Dette gjeld og kontaktinformasjon og personopplysningar som er nødvendig for å yte kyrkjelege tenester i samband med kyrkjelege handlingar, trusopplæringstiltak og andre aktivitetar.

2. For å gi informasjon om vår verksemd: E-postadresse. Behandlinga skjer på grunnlag av avtale med deg.

3. Rekruttering til nye stillingar hjå oss. CV, søknad, attester og referansar. Behandling av personopplysningar skjer på grunnlag av samtykke som du har gitt.

### **Utlevering av personopplysningar til andre**

Vi gir ikkje personopplysningane dine vidare til andre med mindre det føreligg eit lovlig grunnlag for slik utlevering.

Kyrkjeverja bruker databehandlarar til å samle inn, lagre eller på annan måte behandle personopplysningar på våre vegne. I slike tilfelle har vi inngått avtaler for å ivareta informasjonstryggleik i alle ledd av behandlinga. Vi nyttar desse databehandlarane per i dag:

Kirkepartner: Saksbehandlar-, arkiv- og e-post-system.

Kirkedata: Kyrkjegardsprogram for gravferdsverksemda. Personopplysningar for døde og festarar.

All behandling av personopplysningar som vi gjer skjer innanfor EU/EØS-området.

### **Lagringstid**

Vi lagrar dine personopplysningar hjå oss så lenge det er nødvendig for det formål opplysningane vart samla inn for. Sidan organ i Den norske kyrkje er forplikta av arkivlova, så gjer vi merksam på at sletting først kan gjennomførast der dette er i samsvar med regelverket i arkivlova om kassasjon.

### **Dine rettar når vi behandlar personopplysningar om deg**

Du har rett til å krevje innsyn, retting eller sletting av personopplysningane vi har om deg. Du har vidare rett til å krevje avgrensa behandling, rette innvending mot behandlinga og krevje rett til dataportabilitet. Du kan lese meir om innhaldet i desse rettane på Datatilsynet si nettside: [www.datatilsynet.no](http://www.datatilsynet.no).

For å ta i bruk dine rettar må du sende e-post til behandlingsansvarleg på følgjande e-postadresse [post.vangivaldres@kirken.no](mailto:post.vangivaldres@kirken.no). Vi vil svare deg så fort som mogleg, og seinast innan 30 dagar.

Vi vil be deg om å bekrefte identiteten din eller å gi opp ytterlegare informasjon før vi lar deg ta i bruk dine rettar overfor oss. Dette gjer vi for å vere sikre på at vi berre gir tilgang til dine personopplysningar til deg - og ikkje nokon som gir seg ut for å vere deg.

Du kan når som helst trekke tilbake ditt samtykke for behandling av personopplysningar hjå oss. Den enklaste måten å gjere dette på, er å ta kontakt med behandlingsansvarleg på e-post på følgjande adresse: [post.vangivaldres@kirken.no](mailto:post.vangivaldres@kirken.no).

### **Klager**

Dersom du meiner at vår behandling av personopplysningar ikkje er i samsvar med personvernlovgivinga, så kan du klage til Datatilsynet på [postkasse@datatilsynet.no](mailto:postkasse@datatilsynet.no)

### **Endringar**

Endring av våre tenester og endringar i regelverket om behandling av personopplysningar, kan medføre forandring i informasjonen du er gitt her. Vi vil sende deg informasjon om dette dersom vi har e-postadressa di. Har vi ikkje kontaktinformasjonen din, blir du gjort merksam på at oppdatert informasjon alltid vil vere lett tilgjengeleg på vår nettside.